



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Teknisk forvaltning			Hege Eeg	
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	18/752	Klassering:	

### Byggeskikk i byggesakar

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Orienteringa vert teken til vitande.**

**Saksopplysningar:** Representanten Jørgen Varden, AP, kom med ein interpellasjon om rettleiing for byggeskikk i Osterøy kommune i sak 041/18.

Dette er ein orientering som svar på interpellasjonen. Det er utarbeida noko som heiter Byggeskikknøkkelen. Den består av ein del som er lik for alle kommuner. I tillegg må hver kommune utarbeideein lokal del.

Dette er eit tverrfagleg arbeid og bør vere eit lite prosjekt. Det handlar mye om å systematisere, vidareutvikle, oppsummere og evaluere det ein allereie har av kunnskap og dokumentar.

Lokale rettleiarar kan handle om:

- Lokal byggeskikk
- Fritidsbustadar
- Jordbrukslandskapet
- Tettstadsbygging
- Kulturminneplan

Det kan utarbeidast temakart, som definerer og viser omsynssoner (kartlegging av stilartar, kulturlandskap, kulturminner osv.)

Departementet utarbeida ein estetikkrettleiar i 1997. Den kan leggjast til grunn for rådmannen si saksutgreiing/tilråding.

Rådmannen vil prøve å få lagt inn omsynssoner i kartet.

### Vurdering

Rådmannen har ikkje kapasitet til å gjennomføre dette prosjektet i 2019. Dette vil krevje for store ressursar og det bør nyttast nokre år på oppbygging av den lokale delen. Rådmannen vil leggje vekt på estetikkrettleiaren i saksutgreiing. Dette kan gjerast etter ein intern opplæring.

Folkehelse – ikkje vurdert

Miljø – ikkje vurdert

Økonomi – ikkje vurdert

### **Konklusjon**

Rådmannen meiner det ikkje er tilrådeleg å ta i bruk byggeskikknøkkelen utan at ein har utarbeida noko lokalt. Rådmannen tilrår at estetikkrettleiaren leggjast til grunn samen med opparbeida kompetanse og sunn fornuft.

### **Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost